

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde

2013



Kupevatnet i Årdalskupa

Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet 13.mars.2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

Verv	Namn	Representerer	Vararepresentant
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Tone Hjelle Cirotzki
Nestleiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Olve Grotle
Medlem	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Jorunn Eide Kirketeig	Fylkeskommunen	Olav Klungre

Styret har hatt 4 styremøte i 2013, og handsama til saman 39 saker.

Styret har oppretta arbeidsutval. Det består av Håkon Myrvang, Ola Tarjei Kroken og Oddmund Klakegg. Arbeidsutvalet har fått delegert mynde til å handtere kurante hastesaker som er i tråd med forvaltningsplan og verneforskrift. Gjennom året har arbeidsutvalet hatt 3 telefonmøter og har handsama 6 saker.

Verneområdeforvaltaren har fått mynde til å fatte delegerte vedtak etter visse retningslinjer. Dert har ikkje blitt gjeve slike løyve i 2013.

2. Saker

Saksmengda har gått ned ein del frå 2012 til 2013. Dette skuldast først og fremst at dei fleste årvisse behova for motorferdsel fekk fleirårige løyver i 2012, og trengte derfor ikkje søkast om på nytt i 2013. Dette har spart verneområdestyret og søkjarane for ein del arbeid.

Det har blitt gjeve to dispensasjonar etter naturmangfaldlova sin generelle dispensasjonsheimel i nml § 48.

Motorferdsel:

Søkjar	Type dispensasjon	føremål	omfang/mengde	Kor
Indre Sunnfjord turlag	Helikopterlanding	Transport til Longevasshytta	Inntil 5 hiv	Lekestølen - Longevasshytta
Joar Eide	Snøskuter	Transport til hytte	Inntil 2 turar	Helgheimsdalen
Gjengedalsmarkja beitelag	Snøskuter	Transport av saltstein	1 tur kvart år på 3 ruter	Gjengedalsmarkja
Risbotnen beitelag	Snøskuter	Transport av saltstein	1-2 årlege turar til saltsteinfesta	Risbotnen – Strandaskaret
Inger Gimmestad	Båt med motor	Transport til hytte i samband med reperasjon	Inntil 10 turar	Langedalsvatnet
Oddvar Helgås	Snøskuter – løyve gjeve av AU	Transport av material til hytte	Inntil 12 turar	Vona
Kjell Arnestad	Båt med motor – løyve gjeve av AU	Transport av material til hytte	Inntil 15 turar	Langedalsvatnet
Røde Kors Hjelpekorps	Snøskuter	Kjentmannskøyring	2 turar per rute	11 ruter i landskapsvernrområdet, sjå nednanfor

Røde Kors Hjelpekorps i Naustdal, Gloppen og Hyen fekk løyver til kjentmannskøyring med heimel i naturmangfaldlova § 48. Redningstenesta sin aktivitet er og regulert gjennom rundskriv som kom frå Miljøverdepartementet i januar 2013. Løyvet i Naustdal-Gjengedal gjaldt desse rutene:

- Vasslivatnet
- Storevatnet – Måsevatnet - Blådalsvatnet til grensa mot Naustdal
- Rausetstølen – Sessegga
- Ryggjastølen – Traudalen – Instevatnet
- Gimmestadstølen – Breidalsvatna
- Langedalen – Fagredalen
- Jardalen – Fagredalen
- Søreidstøyen – Daurmålsnibba – Storevarden
- Vonagarden – Vonastølen – Inste Vonaskaret – Steinbotnen – Vonavatnet
- Vonavatnet – Gotdalen – Langevasshytta
- Fimland – Gardalen - Sandfjellet

I tillegg til dette kjem fleirårige løyver som har vore gjevne tidlegare, og som har vore gyldige i 2013. Merk at det ikkje er alltid at alle turane det vert gjeve løyve til vert nytta, og at det faktiske omfanget av motorferdsel derfor er lågare enn det som vert gjeve løyve til.

Med unntak av løyvet til Røde Kors Hjelpekorps, vart alle løyva til motorferdsel gjevne med heimel i verneforskrifta.

Inngrepssaker:

- Joar Eide fekk løyve til å flytte ein utedo ved hytta si i Helgheimsdalen. Løyvet vart gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.
- Rygg og Moen sameige fakk avslag på søknad om å bygge traktorveg (klasse 7) til Berdalselva i Traudalen. Grunnlaget for avslaget var manglande heimel til å gje løyve til vegklasse 7, og dessutan manglande lønsemd i vegprosjektet.

Klagesaker:

- Fylkesmannen klaga på at verneområdestyret gav Kjell Arnestad løyve til å bygge på hytta si i Langedalen. Direktoratet for Naturforvaltning førebudde klagen for Miljøverndepartementet, og rådde til at verneområdestyret sitt vedtak skulle verte ståande. Fylkesmannen trekte då klagen.
- Villreinnemnda, og to grunneigarar, klaga på verneområdestyret sitt vedtak om å gje løyve til oppkjøring av skiløyper med snøskuter i Vonamarkja. Miljødirektoratet (tidlegare DN) rådde til at klagen bør takast til følgje. Saka ligg no hos Miljøverndepartementet.

Andre saker:

På styremøte nr 3/13 vart det delegert mynde til verneområdeforvaltar til å fatte vedtak på vegner av verneområdestyret i saker som gjelder ferdsel. Denne delegeringa er i tråd med endring i vedtekten for verneområdestyra som kom frå Miljøverndepartementet. Delegert vedtaksmynde gjeld ikkje saker etter nml § 48, og det gjeld ikkje for fleirårige løyver.

Kristen Grov, grunneigar med beitedyr i Traudalen, var på styremøte nr 3/13 og informerte verneområdestyret om sine utfordringar med den därlege stølsråsa/buføringsvegen i Traudalen.

3. Rekneskap

Etter at forvaltninga av nasjonalparkar og store verneområder gjekk over til den nye ordninga, har drifta av forvaltningsknutepunkt, styre og forvaltar no «gått seg til» og vi har kome inn i ein ganske normal driftssituasjon. Ein hadde og erfaringane frå driftsåret 2012 å støtte seg på, både i budsjettering og i drifta gjennom året.

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2013	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnad	Budsjett	Kostnad	Budsjett	Kostnad
Lønn + Overhead og sosiale utg	kr 664 618	kr 604 651	kr 332 309	kr 302 326	kr 332 309	kr 302 326
Drift forvaltar og knotepunkt	kr 124 000	kr 123 367	kr 62 000	kr 61 684	kr 62 000	kr 61 684
Drift styre	kr 221 000	kr 50 532	kr 129 000	kr 49 000	kr 92 000	kr 1 532
Tiltaksmidlar	kr 180 000	kr 173 100	kr 100 000	kr 97 100	kr 80 000	kr 76 000
Bestillings-dialog	kr 670 000	kr 586 791	kr 450 000	kr 469 803	kr 220 000	kr 116 988
Planarbeid	kr 150 000	kr 0	kr 85 000	kr 0	kr 65 000	kr 0
Tot	kr 2 009 618	kr 1 538 441	kr 1 158 309	kr 979 912	kr 851 309	kr 558 529

Løn og overhead (adm.kostnad) vert styret av Fylkesmannen, som er arbeidsgjevar og har det administrative ansvaret for forvaltningsordninga. Kostnadane er omrent som budsjettert på drift av forvaltar og knutepunkt. Kostnadane til drift av styra ligg langt under budsjettet. Dette kjem nok av fleire årsaker, til dømes at det har vore færre møter enn forventa, og at ikkje alle styremedlemmane sender inn skjema for møtegodtgjerdsle.

I Naustdal-Gjengedal er dei tildelte midlane til tiltak (bestillingsdialog og tiltaksmidlar) brukt opp og vel so det i 2013.

Det har ikkje vore utgifter til planarbeid i 2013. Dette er fordi prosessen med forvaltningsplan er kraftig forseinka. Forvaltningsplanen vil ha første prioritet når vi no begynner på 2014.

4. Tiltak / bruk av midlar

Dei tiltaka som verneområdestyret har prioritert å bruke dei tilgjengelege midlane på i år er for det meste tilrettelegging for friluftsliv og beitebruk. I tillegg er det brukt noko midlar til uttak av framande artar, hogst av gran i og rundt landskapsvernombordet.

Bruk av midlar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet 2013

Bestillingsdialog

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Parkeringsplassar Instedalen	Øvre Naustdal utmarksdrag	46 000
Ekstrakostnad bruer Gjengedalsmarkja	Gjengedalsmarkja beitelag	857
Granfjerning Vonamarkja	VO-styret / tjenestekjøp	99 000
Flyfoto landskapsvernombordet	SNO	15 000
Stiarbeid Gjengedalsmarkja	Gjengedal beitelag	8 000
Stiprosjekt Vonamarkja	VO-styret / tjenestekjøp	180 946
Stiprosjekt Gjengdalsstøylen	VO-styret / tjenestekjøp	120 000
Sikringstiltak Ryssdalshorn	SNO (SNO sitt budsjett)	-
Totalt		469 803

Tiltaksmidlar

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Florakartlegging	Svein Hjelmeseth	17 100
Toppdekke parkeringsplass	Øvre Naustdal Utmarksdrag	13 000
Merking og Skilting av stiar	Instedalen Bygdeutvikling	7 000
Reperasjon etter naturskade	Dalevegen Årdal, Jølster	20 000
Prosjektere hengebru	Øvre Naustdal Utmarksdrag	10 000
Uttak av gran	VO-styret / tjenestekjøp	30 000
Totalt		97 100

Dette er tiltak som har fått midlar frå budsjettet i 2013. Nokre av tiltaka er ikkje fullført enno, men er bestilt eller gjort avtale om i 2013, og er derfor belasta budsjettet for 2013. Det er og tiltak som er gjennomført i 2013, men som er finansiert og belasta på budsjettet for 2013. Dette gjelder hovudsakleg Sherpa-arbeidet på stien langs Stegsvatnet i Jølster og fjerning av gran i Vonamarkja.

Tilrettelegging

- Eit arbeidslag med Sherpa-steinarbeidarar frå Nepal var ved Stegsvatnet i Jølster i sommar og utbeta stien som går langs vatnet der. Dette er ein del av den mykje brukte ruta frå Legestølen i Årdal til Longvasshytta. Resultatet vart veldig bra og tilbakemeldingane frå lokalbefolkning og brukarar er særskilt gode. Tiltaket var finansiert av bestillingsdialogmidlar frå 2012.
- Delar av stien frå Vonavatnet til Nesstølen i Naustdal har blitt utbeta med legging av trekloppar. Arbeidet vart utført av Arnt Laukeland AS. Resultatet her vart bra, men det er framleis behov for meir klopplegging om denne stien skal få den ønska standarden.
- Det er og starta opp klopplegging på stien som går frå Gjengedalsstøylen og innover langs Storevatnet mot Byrkjeneset. Arbeidet er finansiert av bestillingsdialogmidlar for behov for meir klopplegging og andre tiltak på denne stien om den skal få god standard heile vegen inn til Byrkjeneset.

Skjøtsel:

- Det har blitt tatt ut ein del gran frå verneområdet, og då hovudsakleg i Naustedalen. I vinter vart det teke ut ein del vaksen gran frå plantefelta rundt Vonagarden. Det vart og rydda vekk ein del gran rundt Nesstølen og Svostølen. Dette fekk støtte frå bestillingsdialogmidlar frå 2012. I haust vart det tatt ut to felt med ungskog (gran) aust for Vonavatnet. Det vart gjort på tenestekjøp med årets bestillingsdialogmidlar.

Informasjon:

- Medialinja til Mo og Jølster vgs har gjennom året jobba med ein informasjonsfilm om verneområdet. Denne er finansiert på tiltaksmidlar frå 2012. Den skal vere ferdig no kring årsskiftet.

I tillegg har det blitt gjennomført og støtta ein del mindre tiltak i 2013, enten i regi av grunneigarar, brukarorganisasjonar, verneområdestyret eller SNO. Dei som har fått midlar frå verneområdestyret står oppført over her.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart konstituert på møte 16.april 2012. Utvalet er samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser og skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet har hatt to møter i 2013. Utvalet har kome med innspel til styret, både generelle og i enkeltsaker.

Fagleg Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmestad	grunneigar Sandane
Olav Svoen	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Ole B. Årdal	grunneigar Jølster
Kjell O. Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvernforbundet S&F
Tore Humstad (representant)	Nordfjord Folkehøgskule
Julie Sotnak Aaland	Reisemål Stryn & Nordfjord
Malvin Barlund	Sunnfjord Næringsutvikling
	Førdefjella Villreinutval

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han er samlokalisert med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2013:

- Regional forvaltarsamling 7.-9. mai i Lom
- Samling for forvaltarane i Sogn og Fjordane 4.-5. juni i Utladalen
- Studietur med Verdiskapingsprogrammet 19.-21. juni til Rauma og Lom
- Vernefagsamling (nasjonal) 27.-29. august på Lista
- Foredrag på Fylkesmannen si samling for landbruk- og miljøtilsette i kommunane 23. oktober i Loen
- Nasjonalparkkonferanse 4.-5. november i Trondheim
- Forvaltarsamling 6. november i Trondheim
- Erfaringskonferanse; Naturarven som verdiskapar 21. november i Oslo

Møteverksemd

I tillegg har forvaltaren vore på ein del møter. Forvaltaren er tilsett i Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og er derfor på ein del interne møter i fylkesmannsembetet.

Av eksterne som forvaltaren har vore i møte med kan ein nemne:

- Verdiskapingsprogrammet i Naustdal-Gjengedal lvo (forvaltar sit i referansegruppe)
- Årsmøte Hyen Bondelag
- Grunneigarar og grunneigarlag
- Møte om erstatningssaka arrangert av Regjeringsadvokaten

I tillegg kjem interne møter hjå Fylkesmannen på Leikanger og mindre møter i samband med saker, søknader, tiltak med meir.

7. Bilete frå 2013



Bilete 1: Bilete teke frå Vasslifjellet i Gjengedal. Blåfjellet ligg om lag midt i biletet, og Botnafjellet heilt til venstre. *Foto: Alf Erik Røyrvik*



Bilete 2: Bilete teke frå Lisbetalen og mot Sandane og Gloppefjorden. *Foto: Alf Erik Røyrvik*



Bilete 3: Synfaring på Arnestadstøylen i samband med klagesak om hytta til Kjell Arnestad i Langedalen. F.v.: Tom Dybwab, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Line Novstad, Direktoratet for Naturforvaltning, hytteeigar Kjell Arnestad og Ola Tarjei Kroken, nestleiar i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4: Gjengedalsstøylen i Hyen. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5 og 6: Hogst av gran i Vonaområdet. Bilete 5 syner hogst av gran i granfelta som ligg rundt Vonagarden. Bilete 6 syner eit felt med ungskog i Storelia som er hogge ned.
Begge foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 7: Sherpa-arbeidarane Suna, Sunam, Tharpa og Dili frå Nepal jobbar på stien langs Stegsvatnet i Jølster. Totalt vart om lag 600 m med sti utbetra på ei veke. *Foto: Alf Erik Røyrvik*



Bilete 8: Sikringsarbeid på stien til Ryssdalshorn. Ole Gimmestad, Kurt Fossheim og Egil Ravnstad frå Bygdeservice AS festar wire til berget i det bratte partiet «Geitabykset». *Foto: Rune Holen*



Bilete 9: Kloppling i på stien mellom Vonavatnet og Nesstølen. Arbeidet utført av Narve Fimland og Kåre Ullaland frå Arnt Laukeland AS. Foto: Kåre Ullaland/Narve Fimland